Lese- og kartleggingsplan

USKEDALEN SKULE

2024-2025

1.TRINN – Byrjaropplæringa

Overordna mål: Elevane på 1.trinn skal utvikla gode avkodingsdugleikar, læra alle bokstavane og lydane, og lesa ord og enkle setningar med flyt og samanheng. Dei skal og arbeida med å utvikla eit godt og rikt ordforråd.

Ansvarleg: Kontaktlærar og timelærar. Men HUGS….ALLE lærarar er leselærarar!

Om elevar strevar med lesing er det viktig med dynamisk kartlegging, vurdering av respons og effekt på tiltak med intervall på 6-10 veker.

Kartlegging - Haust	Kartlegging - vår	Læringsstrategiar	Observasjonsverktøy	Arbeidsmåtar	Tiltak
Obligatorisk: -Lexplore -Bokstavprøven frå lesesenteret eller anna bokstavkartlegging som skulen nyttar. **Valfritt:** -Aski Raski -Omgrepsforståing. -Grunnlag for begynnaropplæring (Lunde; Løge) -Ordriket	**Obligatorisk:** -Lexplore -UDIR Lesing **13.03-05.05** -Bokstavprøven frå Lesesenteret eller anna bokstavkartlegging som skulen nyttar. **Valfritt:** -Aski Raski -Omgrepsforståing -Bokstavprøven -Ordriket	-Bruke bilete aktivt i møte med ny tekst (førlesing) -Tankekart (fri assosiasjon)	Lexplore og observasjonsskjema	-Bokstavinnlæring -Arbeid med språkleg medvit -Arbeidsplan med oppgåver knytt opp til språkleg medvit -Stasjonsundervisning -Rettleia lesing -Repetert lesing -Systematisk innlæring av ord og omgrep i alle fag -Litteraturformidling -Legge til rette for eiga lesing (td. Lesekvart) -Arbeid med å automatisera høgfrekvente ord (100-ordlista) -Vekeord -Intensive lesekurs/ På sporet	**Etter jul i 1. klasse, om eleven/ elevane heng etter:** • Intensiv opplæring • Vidare oppfylging i klassen (t.d.Aski Raski) • Vidareføring til 2. klasse **Spesifikke tiltak frå Lexplore** **Generelle tiltak**

Når elevane er ferdig med 1.trinn, er målet at dei fleste skal ha lært:

- Å kople lyd og bokstav. Kjenne alle lydane.
- Kunne alle bokstavane i alfabetet, både små og store. Kunne skrive dei store bokstavane og lese dei små.
- Kunne rett lese- og skriveretning.

Korleis kan vi jobba for å få dette til?:

- Bokstavinnlæring
- Rim, rytme, regler og språkleiker
- Språkleg medvit (Frost)
- Lytte ut framlyd, innlyd og utlyd (analyse)
- Lydmetode som hovudmetode
- Trekkje saman lydar til ord (syntese)
- Stavingar, ordstammer, morfem og lydrette ord
- Ordbilete
- Førlesing, undervegslesing og etterarbeidsfase (metakognitiv lesing)
- Dagleg lesetrening med tilpassa leselekser kvar dag
- Rettleia lesing
- Medlesing
- Parlesing
- AskiRaski, øving på app
- Høgfrekvente ord
- Aktiv bruk av skulebiblioteket
- Delta i leseaksjonar
- Teiknekart/tankekart
  ...Eleven vil få tett oppfølging av leseutviklinga si, og i tillegg har ulik kartlegging som viser kva eleven meistrar

Kompetansemål etter 1.trinn	**Materiellbank**
-Lese og lytte til forteljing, eventyr, songtekstar, faktabøker og andre tekstar på NN og i omsetjing frå samiske og andre språk, og samtale om kva tekstane tyder -Velje bøker på biblioteket ut frå eigne interesser og dugleik -Lese tekstar med flyt og forståing og bruke lesestrategiar målretta for å lære -Utforske og formidle tekstar gjennom samtale, skriving, leik, rørsle og andre kreative uttrykk -Samtale om forskjellen mellom meiningar og fakta i tekstar	• Læreverk på trinnet (Ordriket) • Lexplore • På sporet ABC • GraphoGame • Lesekorpset (nrk) • Bookcreator • Creaza • AskiRaski • Salaby • Arbeid med ord (arbeidshefter) • Leseforståing Start • Leseforståing 1 • Tuba Luba- perm • Nysgjerrigper • Bibliotek/Bokbuss; bokkasse • Zeppelin Lettlesbøker • Damm Leseuniverset • Språkløyper

2.TRINN – Byrjaropplæringa

Overordna mål: Elevane på 2.trinn skal kunne lese med flyt, samanheng og forståing, og bruke enkle lesestrategiar.

Ansvarleg: Kontaktlærar og timelærar. Men HUGS….ALLE lærarar er leselærarar!

Om elevar strevar med lesing er det viktig med dynamisk kartlegging, vurdering av respons og effekt på tiltak med intervall på 6-10 veker.

Kartlegging - Haust	***Kartlegging - vår***	**Læringsstrategiar**	**Observasjonsverktøy**	**Arbeidsmåtar**	**Tiltak**
Obligatorisk: Lexplore Retest av elevar i kritisk sone – UDIR Lesing 1.kl **Valfritt:** -Aski Raski -Bokstavprøven -Min egen leseutvikling (Lundberg) -Elevens leseutvikling (Lundberg) -Ordriket	**Obligatorisk:** Lexplore **Valfritt:** -Aski Raski -Min egen leseutvikling -Elevens leseutvikling -Begrepsforståing -Bokstavprøven -Ordriket	-Strukturert tankekart 	Lexplore og observasjonsskjema	-Arbeid med språkleg medvit -Stasjonsundervisning -Rettleia lesing -Repetert lesing -Systematisk innlæring av ord og omgrep i alle fag -Litteraturformidling -Legge til rette for eiga lesing (td. Lesekvart) -Arbeid med å automatisera høgfrekvente ord (100-ordlista) -Vekeord (omgrepslæring) -Intensive lesekurs/ På sporet	**Om eleven/ elevane heng etter:** • Intensiv opplæring • Vidare oppfylging i klassen (t.d.Aski Raski) • Vidareføring til 3. klasse **Spesifikke tiltak frå Lexplore** **Generelle tiltak**

Når elevane er ferdig med 2.trinn, er målet at dei fleste skal ha lært:

- Å kunne skilje mellom vokalar og konsonantar
- Diftongar og komplekse grafem
- Å vite kva ei setning er
- Å arbeide med ordkjeder og samansette ord
- Å kunne forstå enkle oppskrifter, handlelappar og liknande (Autentiske lesetekstar)
- Å kunne lese ein samanhengande tekst. Eleven skal kunne avkode (lese) og forstå innhaldet
- Faktalesing og nøkkelord
- Å lese aldersadekvat tekst med flyt. Ver merksam på avkoding, leseforståing og leseflyt (høgtlesing ca. 40 ord/min)

Metodar:

- Luketekst
- Tankekart
- SALTO
- VØL
- Nøkkelord
- Tilpassa leselekse
- Vekeord
- Drill inn dei 100 mest brukte orda (høgfrekvente)
- Førlesing, undervegslesing og etterarbeidsfase (metakognitiv lesing)
- Aktiv bruk av skulebiblioteket/bokbussen
- Rettleia lesing, parlesing og medlesing av tilpassa tekst
- Lese på tid (repetert lesing)
- Aski Raski
- Diktat, gjenforteljing og drama
- Songtekstar
- Delta i leseaksjonar om skulen har det

…….Eleven vil få tett oppfølging av leseutviklinga si, og i tillegg ha ulike kartlegging som viser kva eleven meistrar

Kompetansemål etter 2.trinn	**Materiellbank**
-Lytte til og samtale om skjønnlitteratur og sakprosa (bm og nn) -Låne og lese bøker frå biblioteket/bokbussen -Uttrykkje tekstopplevingar gjennom leik, song, teikning, skriving,… -Samtale om og skildre korleis ord vi brukar kan påverke andre -Leik med rim, rytme og lytte ut språklydar og stavingar i ord -Trekkje bokstavlydar saman til ord under lesing og skriving -Lese med samanheng og forståing på papir og digitalt og bruke enkle strategiar for leseforståing	• Læreverk på trinnet (Ordriket) • Skulebiblioteket/bokbussen • GraphoGame • Bookcreator • Creaza • Aski Raski • Salaby • Haugstad • Jonsbråten • Leseforståing Start • Leseforståing 1 • Rettleia lesing • Tuba Luba – perm • Bibliotek/bokbuss; bokkasse • Zeppelin lettlesbøker • Damm Leseunivers • Språkløyper • Nysgjerrigper

3.TRINN – Den andre leseopplæringa

Overordna mål: Elevane på 3.trinn skal (etter 4.trinn) kunne lese med flyt og forståing, og bruke lesestrategiar målretta for å lære.

Ansvarleg: Kontaktlærar og timelærar. Men HUGS….ALLE lærarar er leselærarar!

Om elevar strevar med lesing er det viktig med dynamisk kartlegging, vurdering av respons og effekt på tiltak med intervall på 6-10 veker.

Kartlegging - Haust	***Kartlegging - vår***	**Læringsstrategiar**	**Observasjonsverktøy**	**Arbeidsmåtar**	**Tiltak**
Obligatorisk: Lexplore UDIR Lesing 3.kl **Valfritt:** -Aski Raski -Bokstavprøven -Min egen leseutvikling (Lundberg) -Elevens leseutvikling (Lundberg) -Ordriket	**Obligatorisk:** Lexplore **Valfritt:** -Aski Raski -Min egen leseutvikling -Elevens leseutvikling -Bokstavprøven -Ordriket	-Vennediagram -Prosessnotat 	Lexplore og observasjonsskjema.	-Arbeid med språkleg medvit -Rettleia lesing -Repetert lesing -Systematisk innlæring av ord og omgrep i alle fag -Litteraturformidling -Legge til rette for eiga lesing (td. Lesekvart) -Arbeid med å automatisera høgfrekvente ord (220-ordlista) -Arbeid med lesestrategiar -Intensive lesekurs/På sporet -Medvit kring leselekser -Vekeord (omgrepslæring)	**Om eleven/ elevane heng etter:** • Intensiv opplæring • Vidare oppfylging i klassen (t.d.Aski Raski) • Vidareføring til 4. klasse **Spesifikke tiltak frå Lexplore** **Generelle tiltak**

Når elevane er ferdig med 3.trinn, er målet at dei fleste skal ha lært:

- Å kunne lese høgt for andre
- Å kunne forstå enkle oppskrifter, handlelappar og liknande (autentiske lesetekstar)
- Å lese ein fagtekst, og ha forståing for det som står der
- Å kunne reflektere over ein enkel tekst
- Å kunne lese skjermtekst, som td. Aski Raski
- Å lese aldersadekvat tekst med flyt. Ver merksam på avkoding, leseforståing og leseflyt. (Høgtlesing ca. 60 ord/min)

Metodar:

- Førlesing, undervegslesing og etterarbeidsfase (metakognitiv lesing)
- Lese på tid (repetert lesing)
- Tankekart og styrkenotat.
- VØL, SALTO og Venn-diagram
- Nøkkelord
- Tilpassa leselekse
- Aktiv bruk av skulebiblioteket/bokbussen
- Lese i sjølvvalt bok i 15 min. pr. dag
- Rettleia lesing, parlesing og medlesing av tilpassa tekstar
- Diktat og rettskriving
- Gjenforteljing
- Songtekstar
- Delta i lesekurs

…….Skulen har obligatoriske og valfrie kartleggingsverktøy som ein nyttar for å sjå om eleven når måla. Om ein er uroa for resultata må ein sjå om det er behov for meir tilpasning av lesetekstane

Kompetansemål etter 3.trinn	**Materiellbank**
-Lese og lytte til forteljing, eventyr, songtekstar, faktabøker og andre tekstar på NN og BM og i omsetjing frå samisk og andre språk, og samtale om kva tekstane betyr. -Velje bøker på biblioteket/bokbussen ut frå eigne interesser og dugleik -Lese tekstar med flyt og forståing og bruke lesestrategiar målretta for å lære -Utforske og formidle tekstar gjennom samtale, skriving, leik, rørsle og andre kreative uttrykk -Samtale om forskjellen mellom meiningar og fakta i tekstar	• Læreverk på trinnet (Ordriket) • Skulebiblioteket/bokbussen • Bookcreator • Creaza • Aski Raski • Salaby • Leseforståing 2 • Rettleia lesing • Bibliotek/bokbuss; bokkasse • Zeppelin Lettlesbøker • Damm Leseuniverset • Språkløyper • Nysgjerrigper

4.TRINN – Den andre leseopplæringa

Overordna mål: Elevane på 4.trinn skal kunne lese med flyt og forståing, og bruke lesestrategiar målretta for å lære.

Ansvarleg: Kontaktlærar og timelærar. Men HUGS….ALLE lærarar er leselærarar!

Om elevar strevar med lesing er det viktig med dynamisk kartlegging, vurdering av respons og effekt på tiltak med intervall på 6-10 veker.

Kartlegging - Haust	***Kartlegging - vår***	**Læringsstrategiar**	**Observasjonsverktøy**	**Arbeidsmåtar**	**Tiltak**
Obligatorisk: Lexplore **Valfritt:** -Ordkjedetesten -Orddiktat (Johnsen) -Aski Raski -Arbeid med ord -Ordriket	**Obligatorisk:** Lexplore **Valfritt:** -Ordkjedetesten -Orddiktat (Johnsen) -Aski Raski -Arbeid med ord -Ordriket	-Omgrepskart (ordkart)  Omgrepskartet skal hjelpe elevane å forstå og utvide tydinga av eit omgrep.	Lexplore og observasjonsskjema	-Arbeid med språkleg medvit -Rettleia lesing -Repetert lesing -Systematisk innlæring av ord og omgrep i alle fag -Litteraturformidling -Legge til rette for eiga lesing (td. Lesekvart) -Arbeid med å automatisera høgfrekvente ord (220-ordlista) -Arbeid med lesestrategiar Arbeide med ulike teksttypar (samansette, multiple,…) -Intensive lesekurs/På sporet -Medvit kring leselekser -Vekeord (omgrepslæring)	**Etter jul i 1. klasse, om eleven/ elevane heng etter:** • Intensiv opplæring • Vidare oppfylging i klassen (t.d.Aski Raski) • Vidareføring til 5. klasse **Spesifikke tiltak frå Lexplore** **Generelle tiltak**

Når elevane er ferdig med 4.trinn, er målet at dei fleste skal ha lært:

- Å kunne ta i bruk førforståing i møte med ein tekst
- Å tilpasse lesestrategiar etter behov
- Å kunne hente informasjon frå ulike media
- Å kunne bruke skulebiblioteket/bokbussen på ein målretta måte
- Å kunne forstå oppskrifter, rettleiingshefter og liknande (autentiske tekstar)
- Å kunne skrive ei kort bokmelding
- Å kunne leggje fram prosjektarbeid med nokre medelevar
- Å lese tekstar på ulike måtar
- Å lese og kunne formidle dikt/eventyr og songtekstar gjennom dramatisering og framføring.
- Å lese aldersadekvat tekst med flyt. Ver merksam på avkoding, leseforståing og leseflyt (Høgtlesing ca. 70 ord/min)

Metodar:

- Førlesing, undervegslesing og etterarbeidsfase (metakognitiv lesing)
- Dagleg lesestund
- Repetert lesing
- Rettleia lesing, parlesing og medlesing
- Besøka biblioteket
- Delta i leseaksjonar
- Aski Raski
- Skjermtekst
- Eigenvurdering
- VØL, SALTO, Venn-diagram, kolonnenotat og tankekart

…….Skulen har obligatoriske og valfrie kartleggingsverktøy som ein nyttar for å sjå om eleven når måla. Om ein er uroa for resultata må ein sjå om det er behov for meir tilpassing av lesetekstane

Kompetansemål etter 4.trinn	**Materiellbank**
-Lese og lytte til forteljing, eventyr, songtekstar, faktabøker og andre tekstar på NN og BM og i omsetjing frå samisk og andre språk, og samtale om kva tekstane betyr. -Velje bøker på biblioteket/bokbussen ut frå eigne interesser og dugleik -Lese tekstar med flyt og forståing og bruke lesestrategiar målretta for å lære -Utforske og formidle tekstar gjennom samtale, skriving, leik, rørsle og andre kreative uttrykk -Samtale om forskjellen mellom meiningar og fakta i tekstar	• Læreverk på trinnet (Ordriket) • Skulebiblioteket/bokbussen • Bookcreator • Creaza • Aski Raski • Salaby • Leseforståing 3 • Rettleia lesing • Bibliotek/bokbuss; bokkasse • Zeppelin lettlesbøker • Damm Leseuniverset • Språkløyper • Nysgjerrigper

5.TRINN – Den andre leseopplæringa

Overordna mål: Elevane på 5.trinn skal kunna lesa ulike tekstar til ulike formål, kunna snakka om form og innhald, og nytta lesestrategiar til formålet..

Ansvarleg: Kontaktlærar og timelærar. Men HUGS….ALLE lærarar er leselærarar!

Om elevar strevar med lesing er det viktig med dynamisk kartlegging, vurdering av respons og effekt på tiltak med intervall på 6-10 veker.

Kartlegging - Haust	***Kartlegging - vår***	**Læringsstrategiar**	**Observasjonsverktøy**	**Arbeidsmåtar**
Obligatorisk: Nasjonale prøvar Lexplore **Valfritt:** -Ordkjedetesten -Orddiktat (Johnsen) -Aski Raski -Arbeid med ord -Kartleggeren	**Obligatorisk:** Nasjonale prøvar Lexplore **Valfritt:** -Ordkjedetesten -Orddiktat (Johnsen) -Aski Raski -Arbeid med ord -Kartleggeren	BISON (Zeppelin) To-kolonne-notat:  Rammenotat egnar seg til å organisera informasjon frå fleire sidestilte områder.	Lexplore og observasjonsskjema	-Arbeid med språkleg medvit -Rettleia lesing -Repetert lesing -Systematisk innlæring av ord og omgrep i alle fag -Litteraturformidling -Legge til rette for eiga lesing (td. Lesekvart) -Arbeid med å automatisera høgfrekvente ord (500-ordlista) -Arbeid med lesestrategiar -Arbeide med ulike teksttypar (samansette, multiple,…) -Grej Of The Day -Intensive lesekurs/På sporet -Medvit kring leselekser -Vekeord (omgrepslæring) -Nasjonale prøvar, øvingsoppgåver -Ord-/setningsdiktat

Når elevane er ferdig med 5.trinn, er målet at dei fleste skal ha lært:

- Å kunna sjå at ein kan tilpassa lesestrategiar etter behov
- Å kunna forstå oppskrifter, rettleiingshefter og liknande. (Autentiske lesetekstar)
- Å kunna skumlesa for å finna fakta i ein tekst.
- Å kunna lesa med god rytme og leseforståing.
- Å vidareutvikla og styrka allereie innlærte ferdigheiter innafor lesing.
- Å kunna lesa for yngre elevar.
- Å lesa aviser og presentera nyhender i klassen.
- Å byrja med å reflektera over tekstar.
- Å byrja med å argumentera for og i mot.
- Å lese aldersadekvat tekst med flyt. Ver merksam på avkoding, leseforståing og leseflyt (Høgtlesing ca. 80 ord/min)

Metodar:

- Henta informasjon frå ulike media der ein vidareformidlar kunnskapen munnleg.
- Sjå på skjermtekst med kjeldekritikk.
- Klare å skilje mellom fagtekst og skjønnlitterære tekstar.
- Stillelesing og høgtlesing.
- Lese for kvarandre. Munnleg framføring av tekstar.
- Lese tekst kvar dag.
- Førlesing, undervegslesing og etterarbeidsfase. (Metakognitiv lesing)
- Djupnelæring.
- Rettleia lesing og repetert lesing.
- Aski Raski
- Bokmelding.
- VØL, SALTO, Venn-diagram, kolonnenotat og tankekart
- Lesestafett.
- Gjenfortelje tekst.

…….Skulen har obligatoriske og valfrie kartleggingsverktøy som ein nyttar for å sjå om eleven når måla. Om ein er uroa for resultata må ein sjå om det er behov for meir tilpassing av lesetekstane

Kompetansemål etter 5.trinn	**Materiellbank**
-Lese lyrikk, noveller, fagtekstar og anna skjønnlitteratur og sakprosa på bokmål og nynorsk, svensk og dansk, og samtala og formål, form og innhald. -Lese samiske tekstar på norsk og samtala om verdiane som kjem til uttrykk, og korleis stadnamn og personnamn som inneheld dei samiske bokstavane blir uttalte. -Orientere seg i faglege kjelder på bibliotek og digitalt, vurdera kor pålitelege kjeldene er, og vise til kjelder i eigne tekstar	• Bruka lesestrategiar tilpassa formålet med lesinga • Skulebiblioteket • Læreverk på trinnet • Creaza • Aski Raski • Elevkanalen • Skolen • Minecraft Education • Salaby • Leseforståing A • Rettleia lesing • Biblioteket/Bokbussen: bok-kassar • Lettlesbøker • Språkløyper • Ordriket på nett • Lexplore • Malimo gratisressursar • Ung.forskning.no • Nysgjerrigper • Ndla.no • Mindomo • IntoWords

6.TRINN – Den andre leseopplæringa

Overordna mål: Elevane på 6.trinn skal kunna lesa ulike tekstar til ulike formål, kunna snakka om form og innhald, og nytta lesestrategiar til formålet..

Ansvarleg: Kontaktlærar og timelærar. Men HUGS….ALLE lærarar er leselærarar!

Om elevar strevar med lesing er det viktig med dynamisk kartlegging, vurdering av respons og effekt på tiltak med intervall på 6-10 veker.

Kartlegging - Haust	***Kartlegging - vår***	**Læringsstrategiar**	**Observasjonsverktøy**	**Arbeidsmåtar**
Obligatorisk: Lexplore **Valfritt:** -Ordkjedetesten -Orddiktat (Johnsen) -Aski Raski -Arbeid med ord -Kartleggeren	**Obligatorisk:** Lexplore **Valfritt:** -Ordkjedetesten -Orddiktat (Johnsen) -Aski Raski -Arbeid med ord -Kartleggeren	Rammenotet Nøkkelord: **SLIK SKRIV DU NØKKELORD:** • Finn dei aller viktigaste orda i teksten • Ikkje ta med for mange ord! • Skriv nøkkelorda under kvarandre	Lexplore og observasjonsskjema	-Arbeid med språkleg medvit -Rettleia lesing -Repetert lesing -Systematisk innlæring av ord og omgrep i alle fag -Litteraturformidling -Legge til rette for eiga lesing (td. Lesekvart) -Arbeid med å automatisera høgfrekvente ord (500-ordlista) -Arbeid med lesestrategiar -Arbeide med ulike teksttypar (samansette, multiple,…) -Grej Of The Day -Lesekurs/På sporet -Medvit kring leselekser -Vekeord (omgrepslæring) -Nasjonale prøvar, øvingsoppgåver -Ord-/setningsdiktat

Når elevane er ferdig med 6.trinn, er målet at dei fleste skal ha lært:

- Å skrive leselogg.
- Å meistra å lesa ulike sjangrar for kvarandre.
- Å lesa ei avis og kunna vidareformidla innhaldet.
- Å kunna forstå oppskrifter, rettleiingshefter og liknande. (Autentiske tekstar)
- Å delta i gruppearbeid, kunna både prata og lytta.
- Å laga figurdikt, reklametekstar, teikneseriar og bilete.
- Å designa (digitalt eller fysisk) framsida på bok/hefte/skuleavis.
- Å framføre PowerPoint-presentasjon eller liknande til klassen eller ei lita gruppe.
- Å lesa høgt, dramatisera.
- Å lese aldersadekvat tekst med flyt. Ver merksam på avkoding, leseforståing og leseflyt (Høgtlesing ca. 90 ord/min)

Metodar:

- Henta informasjon frå ulike media der ein vidareformidlar kunnskapen munnleg.
- Sjå på skjermtekst med kjeldekritikk.
- Bruka varierte strategiar i arbeid med fagtekst og skjønnlitterære tekstar.
- VØL, SALTO, Venn-diagram, kolonnenotat og tankekart
- Førlesing, undervegslesing og etterarbeidsfase. (Metakognitiv lesing)
- Munnleg framføring av tekstar.
- Djupnelæring.
- Lese tekst kvar dag.
- Stillelesing og høgtlesing.
- Rettleia og repetert lesing.
- Aski Raski
- Bokmelding, og gjerne forfattarbesøk på skulen eller biblioteket.
- Lese for kvarandre.
- Gjenfortelje tekst.

Skulen har obligatoriske og valfrie kartleggingsverktøy som ein nyttar for å sjå om eleven når måla. Om ein er uroa for resultata må ein sjå om det er behov for meir tilpassing av lesetekstane

Kompetansemål etter 6.trinn	**Materiellbank**
-Lese lyrikk, noveller, fagtekstar og anna skjønnlitteratur og sakprosa på bokmål og nynorsk, svensk og dansk, og samtala og formål, form og innhald. -Lese samiske tekstar på norsk og samtala om verdiane som kjem til uttrykk, og korleis stadnamn og personnamn som inneheld dei samiske bokstavane blir uttalte. -Orientere seg i faglege kjelder på bibliotek og digitalt, vurdera kor pålitelege kjeldene er, og vise til kjelder i eigne tekstar -Bruka lesestragiar tilpassa formålet med lesinga	• Skolen • Elevkanalen • Salaby • Minecraft Education • Leseforståing B • Språkløyper • Ordriket på nett • Lexplore • Malimo gratisressursar • Ung.forskning.no • Nysgjerrigper • Avisveke • Mindomo • IntoWords

7.TRINN – Den andre leseopplæringa

Overordna mål: Elevane på 7.trinn skal kunna lesa ulike tekstar til ulike formål, kunna snakka om form og innhald, og nytta lesestrategiar til formålet..

Ansvarleg: Kontaktlærar og timelærar. Men HUGS….ALLE lærarar er leselærarar!

Om elevar strevar med lesing er det viktig med dynamisk kartlegging, vurdering av respons og effekt på tiltak med intervall på 6-10 veker.

Kartlegging - Haust	***Kartlegging - vår***	**Læringsstrategiar**	**Observasjonsverktøy**	**Arbeidsmåtar**
Obligatorisk: Lexplore **Valfritt:** -Ordkjedetesten -Orddiktat (Johnsen) -Aski Raski -Arbeid med ord -Kartleggeren	**Obligatorisk:** Lexplore **Valfritt:** -Ordkjedetesten -Orddiktat (Johnsen) -Aski Raski -Arbeid med ord -Kartleggeren	Kunna velja føremålstenlege strategiar: • Tankekart (fri assosiasjon) • Venn-diagram • Strukturert tankekart • Prosessnotat (matematikk) • Omgrepskart (ordkart) • BISON • Rammenotat • To-kolonnenotat • Nøkkelord • Læresamtale	Lexplore og observasjonsskjema	-Arbeid med språkleg medvit -Rettleia lesing -Repetert lesing -Systematisk innlæring av ord og omgrep i alle fag -Litteraturformidling -Legge til rette for eiga lesing (td. Lesekvart) -Arbeid med å automatisera høgfrekvente ord (500-ordlista) -Arbeid med lesestrategiar -Arbeide med ulike teksttypar (samansette, multiple,…) -Grej Of The Day -Lesekurs/På sporet -Nasjonale prøvar, øvingsoppgåver

Når elevane er ferdig med 7.trinn, er målet at dei fleste skal ha lært:

- Å presentera stogg med og utan hjelpemidlar, der du har fokus på mottakargruppa.
- Å begrunna eigne meiningar, læra å vera kritisk til eigne og andre sine meiningar og ytringar.
- Det samiske alfabetet
- Å kunna lesa tekstar på nynorsk/bokmål, samisk og nordiske språk
- Å kunna drøfta skjønnlitterære tekstar, ha forståing for språket si form og innhaldet.
- Å kunna arbeida med filosofiske tekstar.
- Å kunna forstå oppskrifter, rettleiingshefter og liknande. (Autentiske tekstar)
- Å kunna lesa ei avis og gjera greie for kva ein har lese.
- Sjå på TV-program og reklameinnslag, samtale og reflektera over det ein ser.
- Kommunikasjonsmodellen.
- Å samanlikna bok og film
- Å lesa aldersadekvat tekst med flyt. Ver merksam på avkoding, leseforståing og leseflyt. (Høgtlesing ca. 95 ord pr. minutt)

Metodar:

- Lesa tekst kvar dag.
- Stillelesing og høgtlesing.
- Lesa for kvarandre.
- Bruka varierte strategiar i arbeid med fagtekst og skjønnlitterære tekstar.
- VØL, SALTO, Venn-diagram, kolonnenotat og tankekart.
- Munnleg framføring av tekstar.
- Henta informasjon frå ulike media med munnleg vidareformidling.
- Sjå på skjermtekst med kjeldekritikk. Reklametekstar og mottakarbevisstgjering.
- Førlesing, undervegslesing og etterabeidsfase. (Metakognitiv lesing)
- Djupnelæring.
- Prosessorientert skriving, gje tilbakemelding på andre sine tekstar.

har obligatoriske og valfrie kartleggingsverktøy som ein nyttar for å sjå om eleven når måla. Om ein er uroa for resultata må ein sjå om det er behov for meir tilpassing av lesetekstane

Kompetansemål etter 7.trinn	**Materiellbank**
-Lese lyrikk, noveller, fagtekstar og anna skjønnlitteratur og sakprosa på bokmål og nynorsk, svensk og dansk, og samtala og formål, form og innhald. -Lese samiske tekstar på norsk og samtala om verdiane som kjem til uttrykk, og korleis stadnamn og personnamn som inneheld dei samiske bokstavane blir uttalte. -Orientere seg i faglege kjelder på bibliotek og digitalt, vurdera kor pålitelege kjeldene er, og vise til kjelder i eigne tekstar -Bruka lesestragiar tilpassa formålet med lesinga	• Skulebiblioteket • Læreverk på trinnet • Skolen • Elevkanalen • Salaby • Minecraft Education • Creaza • Aski Raski • Leseforståing C • Rettleia lesing • Biblioteket/bokbussen: bok-kasse • Språkløyper • Ordriket på nett • Lexplore • Malimo gratisressursar • Ung.forskning.no • Nysgjerrigper • Avisveke • Mindomo • IntoWords